

Rapport Grøn konsesjon- 2018

Drifta av den grønne konsesjonen har vore i henhold til vilkåra for vår grønne konsesjon kategori C:

- Stor post smolt produsert i lukka flytande betonganlegg
- Bruk av oppdretta rensefisk ved produksjon i open sjø
- Bruk av luseskjørt ved produksjon i åpent anlegg

I 2018 vart vårt lukka anlegg sett i drift. Før fisken kom vart anlegget testkjøyrd ei stund, for å avdekke eventuelle tekniske problem med pumper, oksygenering og andre kritiske installasjoner. Fisken vart produsert i lukka anlegg fram til den vart sett ut 400g i sjø. Tabellen under syner dei utsetta som vart produsert i 2018:

Satt i lukka anlegg	Flytta til lokalitet	Flytta til sjø	Produksjonstid open sjø	Art
Oktober 2018	Duesund	Desember 2018	16-20 mnd	Laks
Desember 2018	Duesund	Februar 2019	14-18 mnd	Laks

Mottak av fisk:

Fisken vart lossa på vanleg måte i karet. Sidan det er langt inn til vatnet på vårt lukka anlegg skjøtte me på slanger for å komme innpå.

Føring av fisk:

Me hadde installert ei skjei til å spreie føret med. Denne løysinga fungerte, men me fann ut at me trengde betre spreining av føret. Derfor bestilte me inn ein rotor-spreidar.

Reingjering av karet:

Reingjering av slam og fjerning av dødfisk vert gjort av vaskeroboten. For å løfte vatnet brukte me ein mammut-pumpe dreven av trykkluft (same som lift-up sitt dødfisk system). Me observerte at denne løysinga ikkje heilt fekk botnen rein. Difor gjekk me til anskaffelse av ei smoltpumpe. Denne vil ikkje knuse dødfisken.

Reingjering og desinfisering etter tømning av kar har vorte gjort manuelt. Me har vore veldig nøye på å få tømt alle røyr og alle vass-beholdarar der sjøvatn vert pumpa gjennom (til dømes oksygeninnblanderar) for å unngå at dødvatn vert danna mellom innsetta. Dødvatn kan innehelde H₂S, som er svært giftig for fisk.

Teknisk anlegg:

Anlegget har ein del kritiske komponentar. For å sikre at vasstilførsel og oksygentilførsel ikkje stoppar opp er det lagt opp doble system på alt. Me har to pumper som har kapasitet til å drive anlegget kvar for seg. Me har generator som koblar inn dersom det skulle vere straumstans. I tilfelle alt sviktar er det

kobla opp eit nødoksygensystem som vil tilføre oksygen tilstrekkelig for at fisken overlever. Me opplevde ikkje trøbbel med oksygeneringssystemet eller andre kritiske komponentar.

Levering av fisk

Ved levering av fisk brukte kastenot. Denne løysinga fungerer, men er litt tidkrevjande. Karet er relativt lite.

Praktiske erfaringer- open sjølokalitet

Me har brukt luseskjørt og rensfisk på Duesund for å fjerne lusa etterkvart som den kjem. I 2018 vart dette installert på Duesund. Rensfisk vart sett ut i 2019.

Samandrag

Me har starta grøn drift gjennom vårt lukka anlegg. Året har for det meste vorte brukt til bygging og igangsetting av anlegget. I løpet av hausten vart anlegget teken i bruk, og har fungert etter hensikten.